

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Landbruksdagen i Austrheim 2019

Laurdag 05.10.2019 kl 10.00 – 15.30
i og ved Austrheimhallen.

Kåringssjå for verlam frå Austrheim og Radøy.
Små og store dyr, maskiner og utstyr,
ulike utstillingar ute og inne,
husflid, gardsmat, egg, frukt og grønt m.m.

Magnhild Dyrdal viser korleis ein lagar lammerull. Vis køkultur.

Minirevy ved Austrheim ungdomslag.

Saueklypping der borna kan få prøva sjølv, utstilling med tema "Fiskarbonden sitt heimafiske",
kipebinding, hesteriding og mange aktivitetar for store og små.
Tippekonguransar og loddsal, med fine gevinstar og premiar.

Ver god og parker på tilvist plass.


Gratis veteranbuss frå parkeringen v/senteret bort til hallen.

Betaling med kontantar eller Vipps.

VEL MØTT !

Austrheim Landbrukskvinnelag,
Austrheim Sau og Geit, Radøy Sau og Geit.

Nr. 07- 2019 September nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 15. oktober 2019



KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefttid etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	90 69 53 77
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgjever: Austrheim sokneråd
Redaksjon: Svein T Villanger,
Jostein Hauge
Leif Arne Økland
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196
E-post: kyrkjeba@online.no

Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

DET SKJER:

Den store barnehelga:

**27.sept kl. 17.30:
Pyjamasfest for 3-åringar**

**28.sept kl. 13.30:
Bollefest for 4-åringar**

**28.sept kl 15.30:
Tårnagent for 7 og 8 åringer**

**29.sept kl. 11.00
BARNAS FESTGUDSTENESTE**

**13.okt kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde.
50-årskonfirmantar**

**03.nov kl 11.00
Helgemesse ved Rune Minde.
Me minnast dei som har
gått bort det siste året.**

Langt igjen

til Royal Albert Hall

Då Åge Aleksandersen skreiv songen «*Det e langt igjen te Royal Albert Hall*» til debutalbumet sitt midt på 70-talet, tenkte han nok ikkje at han skulle framföra songen i sjølvaste Royal Albert Hall 40 år seinare. Men det skjedde. I 2016 tok fleire tusen nordmenn turen over til London for å vera med på denne konserthendinga.



Eg veit ikkje noko om stemninga då tanken om å gjera noko så sprøtt dukka opp, men det ville ikkje forundra meg om det kom nokre kritiske innvendingar. Vi har så lett for det. Er ikkje det rart, korleis vi menneske synest å ha lettare for å finna kritiske innvendingar enn å heia på kvarandre?

Skal tru då korleis Gud tenker om våre liv? Det skulle ikkje vera vanskeleg for han å finna ting å setja fingeren på, han som kjenner ikkje berre vårt ytre, men også våre tankar og haldningar, heilt til botnar! «*Alt ligg ope og nake for auga på han som vi skal gjera rekneskap for*» står det i Hebrearbrevet. Ja, då kan vi vel førebu oss på det verste.

Men hør då, korleis Guds tankar om våre liv blir formulert hjå ein av

profetane i Det Gamle Testamentet, profeten Jeremia: «*For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von.*»

Dette fortel mykje om kva for ein Gud vi trur på; vi skal sleppa å koma med offer eller andre ting for få han på vår side. Det er som

om Gud skulle lagt att ein kommentar på Facebookprofilen vår:

«Eg heier på deg!» Då blir det å oppleva å stå framfor ein fullsett Royal Albert Hall

småtterier i samanlikning. Vi får syngja songen om våre liv framfor den allmektige, heilage Gud som veit alt om oss, og som midt i det tenker stort om det som er vårt, ditt og mitt. Han ynskjer til å med å bruka våre liv i sin store plan for vår neste og hans rike. Ikkje tenk lite om livet ditt og dei ressursar du har, for det gjer ikkje Gud.

Og han er ikkje berre ein tilskodar til liva våre, men aktivt til stades. Dette står i det neste verset hjå den gamle profeten: «Når de kallar på meg og kjem for å be til meg, vil eg høyra på dykk».

**Rune Minde
Sokneprest**



Austrheim sokn

Døypte

01. september	Matheo Fosse Låstad Sofia Vikene Lavik
15. september	Samantha Gullaksen

Gravlagde

13. september: Håkon Grimelid	f. 1938
13. september: Svanlaug Betsy Hopland	f. 1929

Vigde

15. september:	Alise og Espen Gullaksen
----------------	--------------------------

LITLÅS BEDEHUS

Søndag 29. september:

Ettermiddagsmøte med kaffi og kaker.

Song og musikk ved Ytre Arna musikklag.

Hjarteleg velkomne!



UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN 2019

Frist 15. okt
Frist 12.nov.

ut 31. oktober
ut 29.november (JULENUMMER)



Hjertelig takk

til Austrheim diakoninemd v/Britt
som kom med rose og vase på min 80
års dag. Hilsen Kåre Nordby.»

Takk

for all oppmerksomhet i forbindelse
med min 85 års dag.
Hilsen Oddny Lerøy



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.



Velkommen til dei nye konfirmantane!

Søndag 01.september vart det nye konfirmantkullet presentert for kyrkjelyden. Amelie Knieriem og Rune Minde ønskte dei velkommen og gav dei kristuskransen og kristuskransboka. Det er ein god gjeng som no skal følgje eit år med undervisning og kjekke

opplevelingar. Me har og med mange av fjorsårskonfirmantane og andre ungdomar som vil vere med som miljøarbeidarar og sørge for at konfirmantane skal få eit godt år saman. Ha dei med i bøn gjennom året.



Min salme

Eg vaks opp på 50-60 talet i ei lita bygd i Ytre Sogn. Det kom ofte predikantar utanfrå og heldt møte rundtom på bedehusa, og dei var det mange av i kommunen. Stort sett var det vaksne på møta, og vi frå Yngreslaget sat gjerne litt bak i salen. Vi undra oss av og til over kvifor stemninga var så tung og trist.

Eg har stor sans for Rune Larsen og hans formidling av trua, hans lune humor og fine song, som når han stemmer i med:

«Han er min sang og min glede».

Vi var ei lita jentegruppe frå Yngres, ca. 7-8 stk., som song og spelte gitar. Vart av og til bedne om å synge på møta rundtom.

Avstandane var lange på den tida, og bilane få, men far min hadde lastebil der han plasserte benkar og overbygg på lasteplanet, så han skysste oss litt rundt.

Vi hadde songar som «Han tek ikkje glansen av livet», «Ein fin liten blome», «Som en herlig guddomskilde» («Perleporten») m/fleire. I mor si gravferd i 1990 song vi tre søskena «Perleporten», så den har blitt spesiell for meg.



«Han skal åpne perleporten (Som er herlig guddomskilde)»

Tekst: Fred Blom

Musikk: Fred Blom

**Som en herlig guddomskilde,
mektig, dyp og rik og stor,
er den kjærlighet og nåde
som i Jesu hjerte bor.**

**Han skal åpne perleporten
sånn at jeg får komme inn,
for med blodet har han frelst meg
og bevaret meg som sin.**

**Under over alle under:
Alt tilga han meg en gang.
Om hans underfulle nåde
vil jeg synge høyt min sang.**

**Han skal åpne perleporten
sånn at jeg får komme inn,
for med blodet har han frelst meg
og bevaret meg som sin.**

**Når en gang i livets aften
jeg for porten banker på.
Da ved Jesu store nåde
skal den åpen for meg stå.**

Med helsing Edith Leikvoll

20. OKTOBER 2019
care
TV-AKSJONEN NRK

NÅ ER DET
HENNES TUR

TV-aksjonen 2019 går til organisasjonen Care som arbeider for å skapa varig endring slik at samfunn får hjelpe seg sjølv, slik at dei vert mindre avhengig av bistand i framtida. TV-aksjonen 2019 går til Care sitt arbeid for fattige kvinner.

Care sitt mål er at alle kvinner skal få tene sine eigne pengar, bestemme over eigen kropp og verte høyrt i samfunnet. TV-aksjonen vil vere med å løfte minst 400 000 fleire kvinner ut av fattigdom. Og gjennom dei 400 000 kvinnene vil hjelpe nå ut til meir enn 1 500 000 mennesker.

Austrheim kommune har god tradisjon på å støtte opp om TV-aksjonen om me håpar at de også i år tar godt imot bøssebærarane og er med å hjelpe sårbare menneske ut av fattigdomen.

Vil du vere bøssebærar? Meld deg til servicekontoret tlf 56162000 eller epost til post@austrheim.kommune.no innan 4. oktober.



AUSTRHEIM

**Velkommen til fotbehandling!
Jeg holder til i lokalene til Årås
Sanitetsforening, i Furulyvegen 31.**

Salg av sko og fotpleieprodukter.



Autorisert fotterapeut
Janet H. Rebnord Talberg
Tlf. 98613252
austrheim@basisfot.no

ÅPNINGSTIDER

FOTBEHANDLING:

Mandag kl 11 - 17

Tirsdag kl 9 – 15

Onsdag kl 9 – 15


Torsdag kl 11 – 17

Fredag kl 9 – 15

BUTIKK:

Torsdag kl 17 – 19

INTERVJU MED AMELIE



Som nemnt i tidlegare nummer av Kyrkjebakken, så har Amelie Knierem tatt til som trusopplærar i Austrheim frå og med 1. august i år.

Du har eit etternamn som tilseier at du ikkje akkurat er født og oppvaksen på strilelandet. Kan du fortelja litt meir om bakgrunnen din?

Jeg er født og oppvokst i Nederland, men har bodd i Norge i snart 12 år nå. Jeg har flyttet en del og bodd på plasser som Sola, Vigrestad, Fløksand og nå på Austrheim. Her trives jeg veldig godt. Jeg flyttet til Norge sammen med foreldrene mine Adrian og Viola og min bror Florian. De bor også på Austrheim. Nå har jeg nettopp flyttet fra Austrheimfeltet og inn i et veldig

koselig hus ikke så langt fra kirken. Jeg kan til og med se den fra vinduet mitt. Dette syns jeg er stas!

Då vi fekk greie på at du studerer teologi på NLA, så tenkte vi det var viktig å smi mens jernet er varmt. Vi synest sjølv sagt det er viktig at ein komande prest får praktisk erfaring med den utøvande delen av prestetenesta og at vi kan dra nytte av dette her hos oss. Kan du fortelja litt meir om motivasjonen din for å begynna på teologistudiet?

Jeg begynte å studere til barnevernspedagog i Tromsø, sammen med en god venninne. Vi studerte desentralisert og pendlet med fly. Studiet var utrolig spennende men

reisingen krevde en del fra meg og familien min. Jeg begynte å bli usikker på hva jeg egentlig ville jobbe med. Det jeg visste var at jeg ville jobbe med mennesker.

Helst i alle aldre og i alle faser i livet. Både i glede og sorg. Jeg har alltid vært veldig engasjert i kirken og troen har vært veldig viktig for meg. Tanken om å studere teologi har jeg egentlig hatt veldig lenge, men så var spørsmålet. Er dette noe jeg vil studere fordi jeg syns det er interessant, eller kan jeg også jobbe med dette? Jeg bestemte meg for å hoppe ut i det og begynte i 2017.

Tanken om å bli prest ble vel egentlig sterkere når jeg møtte Per Børge Hillestad. Han ga meg et nytt syn på det å være prest. Han har absolutt vært en stor inspirasjon. Så er det også noen flinke studenter fra rundt om i landet som organiserer noe som heter «Nestenpresten». Her fikk jeg møte mange prestestudenter. Dette var vel også en stor inspirasjon.

Både soknerådet og staben her i Austrheim er glade for å ha deg med på laget. Du går no inn i konfirmantundervisninga som hovudansvarleg og du skal også ha leiar samlingane med fjarðarkonfirmantane og nokre av dei som er litt eldre. Kan du seia litt om kva du tenkjer er det viktigaste du vil formidla til ungdommane våre?

Jeg er veldig opptatt av inkludering og det å akseptere hverandre som vi er. Dette vil jeg ikke bare formidle i konfirmantundervisningen men også i kirken. Alle er velkommen! Alle er like mye verdt! Nå har jeg møtt konfirmantene og jeg gleder meg til en super tid sammen! Jeg håper at vi kan ha gode samtaler og at konfirmanttiden ikke bare gir de litt mer viten om hvem Jesus og hvem Gud er, men at vi også blir bedre kjent med hverandre og ikke minst oss selv. At vi skal kunne være raus med andre og med oss selv. Å kunne strekke ut en hånd og være der for andre, og å kunne føle at man er god nok akkurat

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 22. sept kl. 11.00
Formiddagsmøte, Tale ved Reidun Skurtveit

Tirsdag 1. okt kl. 19.00 Bønnekveld

Søndag 6. okt kl. 11.00
Formiddagsmøte,
Tale ved Leiv Nesheim

Tirsdag 15. okt kl. 19.00
Bønnekveld

Søndag 20. okt kl 11:00
Formiddagsmøte med nattverd.

Tirsdag 29. okt kl. 19.00
Bønnekveld

Tirsdag 05. nov kl. 19.00
Bønnekveld

Lørdag 16. nov kl 13:00
Bedehusdagen

Velkommen til samlingane! - www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenters AS
Telefon: 56 16 75 50

Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilenter.no

For everything your car needs.

DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Mini Frisør

Ønsker velkommen til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 19.

Timebestilling:
Mand.-Fred.
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna



Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35

Per Kenneth Bø
BYGGMESTER

Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.ostenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

HOVUDBIBLIOTEKET:
ENDRA OPNINGSTID FRÅ AUGUST
Biblioteket er ikke lenger ope for
publikum måndagar
onsdag kl. 14.00 – 19.00
Tysdag og fredag kl. 10.00 – 15.00

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no
Tlf.nr 56162007

FONNES FILIAL:

Torsdag:
Skulebibliotek frå 11:30
Biblioteket er ope til klokka 16:30

Epost:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no
Tlf.nr 56162161

AUSLUTNINGSFEST FOR SOMMARLES

Tysdag 10. september kl. 18.00 på hovudbiblioteket
Utdeling av premiar og underhaldning
ved Klovenen Knut!

NB! Påmelding til biblioteket innan
fredag @6. september.

BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:
Måndag kl. 17-18 Familie/born
kl. 18-19 (foreldre med små
born vert prioritert)
kl.19-20 Pensjonistar
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta
og er stengd i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

Legevakt 116117

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

KL.08.30 - 15.00.

Telefontid: **08.30 - 12.00 og**
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

OPPUSSING AV GRAVMONUMENTER

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



KYRKJEPRYDNAD FYLLER 30 ÅR

28.september fyller støtteforeininga «Kyrkjeprydnad» 30 år. Starten på det heile var eit spørsmål frå Aslaug Austrheim til Gro Johannessen om ikkje kyrkja også burde ha ei støtteforening, på samme måte som foreningane for bedehusa. Dermed var det heile i gang. Første året var dei 6 medlemmer. I år, 30 år etter, er dei 8 aktive medlemmer.

Dei treffest 1 gong i månaden. Dei siste åra er det Gro Johannessen som har vore fast vertskap for foreininga.

Gjennom alle desse åra har dei bidratt med store summar til kyrkja, minimum 600.000 kroner er samla inn. Den første gjenstanden som kom på plass var altarduken. Av andre ting dei har bidratt med, enten heile kostnaden eller gitt tilskot til, kan vi nemna: Benkeputene (nye benkeputer for andre

gong på plass i forfjor), brudeparstolar, lysgloben, messekaklane, andre kyrkjeketstilar, dei lause stolane i kyrkja, samt ei heil rad med andre ting, som det ikkje er plass til å nemna her. Det må likevel nemnast her at den nye løparen i kyrkja vart finansiert i eit samarbeid med soknerådet og Kjerringrokken.

Damene seier dei møter stor velvilje blant folk i kommunen, når dei sel lodd til inntekt for dette viktige arbeidet. Dei meiner dette viser at kyrkja er viktig for folk i Austrheim og at kyrkja står sterkt, enten ein er blant dei som går ofte eller ikkje så ofte i kyrkja.

Sokneråd og stab i Austrheimkyrkja vil nyta høvet til å gratulera så mykje med jubileet og takka så mykje for alle bidrag og det gode samarbeidet mellom soknet og Kyrkjeprydnad. Vi set stor pris dykk!



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Søndag 29.september kl 11:00 Møte: Linda Nærøy Søndagsskole

Søndag 13.oktober kl 11:00 Møte: Torsten Mentzoni

Søndag 27.oktober kl 11:00 Fellesmøte m/begehushus og menigheter fra bl.a. Lindås, Myking og Fammestad: Geir Talberg Søndagsskole

Høstens BASAR

Fredag 1.november kl 18:00



Åresalg

Trekning av loddbøker

Andakt

Bevertning

Ungdomskvelder

Fredag 27.sept. kl 19:30

Fredag 11.okt. kl 19:30

Fredag 25.okt. kl 19.30

fra 7.klasse

Bønnesamlinger

Onsdag 9.10. kl 19:00

Onsdag 16.10. kl 19:00

Onsdag 23.10. kl 19:00